



Nadia Storetvedt Khateeb  
Johan Hjorts vei 22  
5081 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/3158 - 17/31509

Saksbehandlar:  
Knut Bjørnevoll  
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:  
02.11.2017

## Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon til dispensasjonssøknad - gbnr 140/50 Erstad

Tiltak: dispensasjon  
Byggjestad: Gbnr: 140/50  
Tiltakshavar: Nadia Storetvedt Khateeb  
Ansvarleg søkjar: Nadia Storetvedt Khateeb

Kommunen stadfestar å ha motteke søknaden din den 23.10.2017.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

- Innsendt søknad om dispensasjon er ikkje tilstrekkeleg grunngjeven/spesifisert, jf. plan- og bygningslova § 19-1

Etter lova må det vere klart at det er sett krav om at dispensasjonssøknader skal vere grunngitt. Ein slik søknad skal mellom anna gjera greie for kva for tilhøve søkar ser på som grunnar som talar for at det bør gjevast dispensasjon til å fråvike aktuell lovføresegn, plan, forskrift eller vedtekt. Grunngjevinga må bygga på spesifiserte, klare og relevante opplysningar om tiltaket. Det bør også klargjerast i kva grad omsyna bak føresegna vert sett til side. Som hovudregel kan det berre gjevast dispensasjon til eit konkret byggetiltak. Tilhøyrande anlegg må også vere omfatta om eit tiltak dersom desse skal kunna realiserast etter dispensasjonshandsaminga.

Planlagt plassering av hus, tilkomst, avløpsanlegg og vassforsyning bør teiknast inn på situasjonsplan. Type hus og storleiken på det bør visast eller omtalast i søknaden. Er desse opplysningane ikkje med, må det kanskje søkast om fleire dispensasjonar seinare, når det er aktuelt å bygga.

Det kan vera av betydning for resultatet om ein kan dokumentera eller sannsynleggjera at veg, vatn og avløp kan realiserast. Dette er ikkje sannsynleggjort fullt ut. Kvar skal anlegga plasserast? Kvar skal

utsleppsleidningen gå? Er rett til plassering av veg og anlegg/leidningar for vatn og avløp sikra privatrettsleg?

Sosiale, helsemessige, økonomiske årsaker, arv og/eller slektskapsforhold og andre privatrettslege og personlege grunner er som regel ikkje relevante for handsaming av dispensasjonssøknad.

Vi sender søknaden til uttale til planstyresmakter eksternt og internt.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla **innan 03.12.2017**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Sakshandsamingsfrist for dispensasjonssøknad er i utgangspunktet 12 veker, pluss den tida det tek å henta inn tilleggsopplysningar og høyringsuttalar frå eksterne instansar.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Ahmed Akef Khateeb	Kloppedalsvegen 55	5221	NESTTUN
Josef Khateeb	Tranevegen 268	5238	RÅDAL
Marie Akef Khateeb	Tors Veg 15	5221	NESTTUN

### **Mottakarar:**

Nadia Storetvedt Khateeb	Johan Hjorts vei 22	5081	BERGEN
--------------------------	---------------------	------	--------